


DETALJREGULERINGSPLAN VALEVÅG STEINBROT Gnr. 6 bnr. 1 og gnr. 7 bnr. 1 SVEIO KOMMUNE PLANID: 2011901



FØRESEGNER
Januar 2017

§1.0 GENERELT

§1.1 Det regulerte området er synt med grenseliner på plan i målestokk 1:2000, datert 01.09.2015 og revidert 09.12.2016.

§1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande formål:

1. Bebyggelse og anlegg
Steinbrot og masseuttak, SM
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
Kjøreveg, V1-V2, o_V3, V4, V5
Fortau, o_FO1 - o_FO2
Annan veggrunn - grøntareal
3. Grøntstruktur
Vegetasjonsskjerm, VS1
4. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift
Friluftformål, F1-F2
5. Omsynssoner
Frisikt, H140_1-H140_7
Bevaring kulturmiljø, H570_1-H570_3
Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1-H730_2

§1.3 Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er stadfesta kan det ikkje gjerast gjeldande privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

§1.4 Ved sidan av desse reguleringsføresegnene gjeld minerallova, forureiningsforskrifta, plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggeforskrifter.

§ 2.0 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 Rekkefølgjekrav

Før det kan gjevast byggjeløyve, må området vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg. VA- anlegga skal godkjennast av Sveio kommune.

Hovudavkøyrsla (mellom o_V3 og V4) til/frå området og den midlertidige avkøyrsla (mellom o_V3 og V5) med tilhøyrande frisktsoner skal utformast etter planar godkjent av Statens vegvesen før området kan takast i bruk.

Fram til år 2022 kan steinen sorterast i eksisterande steinbrot på nordsida av Fv9 (M_1 i gjeldande kommuneplan for Sveio kommune).

Fortau (o_FO1-o_FO2) skal opparbeidast etter planar godkjent av Statens vegvesen og må vere på plass før ein startar kommersiell drift.

§ 2.2 Krav om driftsplan

Minerallova krev driftskonsesjon med driftsplan, godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal utformast etter retningslinjer hemla i minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning skal godkjenne driftsplanen. Driftsplanen skal til ei kvar tid vere godkjent av direktoratet, og skal normalt ajourførast kvart 5. år eller når direktoratet finn det naudsynt. Sveio kommune skal vere høyringsinstans i handsaminga av driftsplanen.

§ 2.3 Avslutning av uttaket

Seinbrotet skal vere avslutta og sett i stand etter godkjend avslutningsplan innan år 2050. Dersom drifta vert avslutta tildegare, skal området setjast i stand så snart som mogleg og ikkje seinare enn 2 år etter driftsslutt og ikkje seinare enn år 2050. Kommunen skal varslast innan 6 mnd. før planlagd avslutting av uttaket. Etter avslutning av uttaket skal området nyttast til landbruks-, natur- og friluftsførmål.

§ 2.4 Miljøforhold/ grunnforhold

Det er uttakar sitt ansvar å utarbeide søknad og å få godkjent utsleppsløyve innan 6 mnd. etter vedteken plan.

Støyutslepp frå steinbrotet skal til ei kvar tid liggje innanfor gjeldande retningslinjer for industristøy og eventuelle krav gjeve i utsleppsløyvet etter forureiningslova.

Uttakar er ansvarleg for naudsynt sikring av brotet i hht. gjeldande lover og forskrifter. Brotkanten skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra i hht. dei krava som vert stilt i godkjent driftsplan. Eventuelt sikringsgjerde skal vere min. 1,0m høgt.

Utslepp av støv og andre utslepp frå masseuttaket må ikkje vere til ulempe for grunnvassførekomstar, og skal til ei kvar tid liggje innanfor rammer fastsett av Miljøverndepartementet. Uttakar er ansvarleg for å drive overvaking av avrenninga frå brotområdet. Ansvarleg mynde skal varslast dersom det er avvik frå godkjente krav.

Uttakar er ansvarleg for å drive overvaking av støvnedfallet undervegs i drifta. Dersom støvnedfallet overskrider fastsette luftkvalitetskriterium, skal undersøkinga utvidast med målingar av svevestøv.

§ 2.5 Kulturminne

Det kan vere uregistrerte kulturminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter melding om moglege funn, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

§ 3.0 BEBYGGELSE OG ANLEGG

§ 3.1 Steinbrot/masseuttak, SM

§ 3.1.1 I området for steinbrot/masseuttak kan det drivast uttak, knusing og lagring av stein i samsvar med reguleringsplankartet, desse føresegnene, øvrige plandokument og godkjent driftsplan. Inngrepa skal liggja innanfor formålsgrense for masseuttak og kotehøgden i kartet er retningsgivande. Drifta skal føregå på ein slik måte at ressursen vert utnytta best mogleg og høgdene kan difor fråvikast.

§ 3.1.2 Området for steinbrot/masseuttak er inndelt i følgjande underområde: felt A, B, C og D. Ein skal starte å ta ut stein i felt A og så gå vidare til felt B osv. Førre felt skal tilbakeførast til landbruksareal før ein er ferdig med neste felt. Dersom det er hensiktsmessig, kan ein gå vidare til neste felt før ein er heilt ferdig i det føregåande. Etablering av lager- og riggområde samt sedimenteringsbasseng/ fordrøyningsbasseng med ein terskel innanfor felt C og jordvoll inn mot vegetasjonsskjermen i nord skal prioriterast, og kan skje parallelt med uttak i felt A. Grensene mellom underområda er ikkje absolutte, men retningsgivande. Utover riggområdet så kan maks ¼ av arealet (ca. 23 daa) vere avgrave og reinska til fjell og maks ¼ av arealet (ca. 23 daa) nyttast til mellomlagring av jord og steinmassar.

§ 3.1.3 Tiltaket er eit vesentleg terrenginngrep som krev søknad og løyve etter Plan og bygningslova § 20-1. Godkjenninga er ein føresetnad for drift.

§ 3.1.4 Driftsplanen skal vise omfang av uttaket og skal angje uttaksvolum, skråningsvinkel og vegetasjonsetablering. Område for lagring/deponi, uttaksretning, utstrekning og terrengforming er fastlagd i reguleringsplandokumenta med skildring, illustrasjonsplan og snitt.

§ 3.1.5 Drifta/uttaket innanfor området kan skje etappevis. Det går fram av reguleringsplandokumenta (planomtale og illustrasjonsplan) korleis ein ser føre seg dette.

- § 3.1.6 Innanfor området for steinbrot og masseuttak (SM) kan det etablerast interne anleggsvegar.
- § 3.1.7 Innanfor felt C og D skal det utførast støyreducerande tiltak i form av jordvoll. Jordvollen skal ha min. $h=2,0\text{m}$ målt frå eksisterande terreng og skal plasserast som illustrert i plankartet.
- § 3.1.8 Ved knusing av stein skal det nyttast knuseverktøy med vatning for å avgrense utslepp av støv.
- § 3.1.9 Uttaket kan skje med tilnærma loddrette veggjar i regulert grense for uttak.
- § 3.1.10 Det kan førast opp bygningar og produksjonsanlegg som er naudsynte i samband med drifta av området. Samtlege bygningar og konstruksjonar skal fjernast når drifta av masseuttaket er ferdig.
- § 3.1.11 Driftstida for anlegget skal leggjast til kl. 07.00-20.00 måndag til fredag, laurdag mellom kl. 07.00-16.00 og inga drift på søndagar og på heilagdagjar. Særskild støyande arbeid som t.d. borarbeid, pigging, sprenging, knusing o.l. skal ikkje skje i helga eller på heilagdagjar og ikkje etter kl. 17.00 på kvardagar dersom støykjeldene er nøydd til å stå i uskjerma posisjon. Knusing skal føregå i riggområde. Ein skal avgrense særskild støyande arbeid i dei periodane støykjeldene er nøydd til å stå i uskjerma posisjon i høve til dei bustadane som ligg innanfor støysona. Støyande arbeid i uskjerma posisjon skal fortrinnsvis skje i vinterhalvåret dersom dette ikkje er til for stor ulempe for drifta.
- § 3.1.12 Etter at uttaket av stein har kome så langt at ein kan avslutta delar av steinbrotet, kan masse tilbakeførast og areala leggjast til rette for, og omdisponerast til landbruksføremål. Gjennom drifta må ein sikre at det vert lagra tilstrekkeleg masse for tilbakeføring av heile området.
- § 3.1.13 All drift og tilbakestilling til landbruksføremål etter avslutta drift skal skje etter til ei kvar tid gjeldande driftsplan. Som ein del av driftsplanen for steinbrotet skal det lagast ein avslutningsplan som viser terrengmessig utforming av inngrepsområda når uttak av stein er avslutta. Når ein får meir detaljert kunnskap om førekomsten etter kvart som drifta går fram, kan avslutningsplanen reviderast. Avslutningsplan skal godkjennast av Sveio kommune. Etter avslutta drift skal alle bygningsmessige tiltak, skrot og søppel fjernast. Området skal, når det er ferdig rehabilitert, ikkje skilje seg vesentleg ut frå kringliggjande areal, og heile planområdet skal vere av slik karakter at det skal over til LNF- område. Området skal dekkast til med lausmasse og jord.
- § 3.1.14 Etter avslutning skal terrenget ikkje vere lågare enn dei kotenivå som er angitt i plankartet. Ingen synlege skjeringar skal vere over 5m høge. Tilbakeføringa skal i så fall skje ved terrassering med maks høgdeskilnad 5m. Gjennomsnittleg terrengfall skal ikkje vere brattare enn 1/1.

§ 4.0 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Kjøreveg, V1-V2, o_V3, V4, V5

§ 4.1.1 Areala V1-V2, o_V3, V4, og V5 skal nyttast som kjøreveg.

§ 4.1.2 V1-V2 og o_V3 er eksisterande vegar som skal liggje som i dag.
V1 er ein privat veg med regulert breidde på 4,0 meter.
V2 er ein privat veg med regulert breidde på 6,0 meter.
o_V3 er offentleg veg (Fv9) med regulert breidde på 7,0 meter.

§ 4.1.3 V4 skal opparbeidast som privat veg og skal vere hovudtilkomstveg til/frå brotet. V4 skal betene den transporten som er til og frå området i samband med driftsperioden. V4 skal opparbeidast med eitt køyrefelt og med 3,5m asfaltert breidde og 0,25m grusskulder. Regulert breidde er 4,0m.

§ 4.1.4 V5 skal opparbeidast som ein midlertidig anleggsveg, som kan nyttast så lenge det er tillate å sortere stein i eksisterande steinbrot på nordsida av Fv9 (M_1 i gjeldande kommuneplan for Sveio kommune). V5 skal opparbeidast med eitt køyrefelt og med 3,5m asfaltert breidde og 0,25m grusskulder. Regulert breidde er 4,0m. Det skal setjast opp skilt som varslar om "kryssande anleggstrafikk" langs o_V3 så lenge V5 er i bruk. Kryssing av Fv9 skal ikkje skje i tidsrommet kring skulestart/-slutt. Når ein startar å sortere stein i det nye uttaksområdet (SM), skal V5 sanerast og tilbakeførast til LNF- område.

§ 4.1.5 Ved opparbeiding av kjørevegar innanfor planområdet skal ein ikkje grava seg ned i det gamle steinsette vegdekket som utgjer «kongevegen».

§ 4.1.6 Internvegar innanfor SM skal opparbeidast med grus og med eitt køyrefelt i 3,5m breidde.

§ 4.1.7 Fartsgrensa skal nedjusterast frå 80 km/t til 50 km/t frå innkøyrsla ved V2 forbi ny hovudinnkøyrsla til steinbrotet (krysset mellom o_V3 og V4).

§ 4.1.8 Ved transport inn og ut av steinbrotet/masseuttaket skal ein syta for at det ikkje vert liggjande massar og støv i vegbanane.

§ 4.1.9 Mindre endringar i vegføringar kan tillastast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

§ 4.2 Fortau, o_FO1 - o_FO2

§ 4.2.1 Areala o_FO1 - o_FO2 skal nyttast til offentleg fortau, og skal vere fritt tilgjengeleg.

§ 4.2.2 o_FO1 og o_FO2 skal opparbeidast som fortau med 2,5 meter asfaltert breidde og 0,25 meter grusskulder. Fortauet skal ha avvisande fortauskant inn mot fylkesvegen.
Regulert breidde for o_FO1 og o_FO2 er 3,0 meter.

§ 4.2.3 Fortauet skal belysast med gatelys.

§ 4.2.4 Mindre endringar i vegføringar kan tillatast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

§ 4.3 Annan veggrunn - grøntareal

§ 4.3.1 Arealet skal nyttast som grøntareal for vegane i planområdet. Områda kan nyttast til vegutviding, avkjørsler, grøfter, skråningar, skjeringar og plassering.

§ 5.0 GRØNTSTRUKTUR

§ 5.1 Vegetasjonsskjerm, VS1

§ 5.1.1 Området VS1 er regulert til vegetasjonsskjerm. Vegetasjonsskjermen skal skjerme mot innsyn og oppretthalde det visuelle uttrykket av landskapet. Det kan berre gjerast tiltak i vegetasjonsskjermen der det er naudsynt for å styrkje og fornye skogen. Målet skal då vere å betre skjermingseffekten. Om ein i driftsplanen finn det naudsynt, så kan det etablerast sikringsgjerdje her og det skal vere min. 1,0m høgt.

§ 6.0 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

§ 6.1 Friluftsmål, F1-F2

§ 6.1.1 I områda F1-F2 kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta området som friluftsområde. Området skal vere allment tilgjengelig.

§ 6.1.2 Så langt råd er skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på.

§ 7.0 OMSYNSSONER

§ 7.1 Frisikt, H140_1-H140_7

§ 7.1.1 H140_1 - H140_7 er regulert til område for frisikt. Arealet vil i planen vere kombinert med andre føremål.
Innanfor frisiktsona skal det ikkje vere sikthindringar som stikk høgare enn 0,5 m over vegbanen på tilstøytande veg.

Enkeltstående tre, stolpar o.l. kan stå i sikktrekanten, men krav til sikkerheitssoner i Statens vegvesen si hb. N101 "rekkverk og vegens sideområder" må vere tilfredsstilt. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

§ 7.1.2 Innanfor H140_7 er det gjort funn av to nyare tids kulturminne, ein bytestein og ein telegrafstolpe. Funna er ikkje automatisk freda. Bytesteinen skal flyttast til ei nærliggjande plassering innanfor VS1. Dersom telegrafstolpefundamentet kjem i konflikt med Statens vegvesen sin krav til sikkerheitssoner i hb. N101 «rekkverk og vegens sideområder», kan det fjernast.

§ 7.2 Bevaring av kulturmiljø, H570_1 – H570_3

§ 7.2.1 H570_1 – H570_3 er ei vidareføring av omsynssona H570_15A, kongevegen gjennom Valestrand, som ligg inne i kommuneplanen for Sveio kommune. Ved tiltak innanfor H570_1 – H570_3 skal omsynet til bevaring av kulturmiljø og kulturminne, så vel automatisk freda som moderne kulturminne særleg vektleggjast.

§ 7.3 Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1-H730_2

§ 7.3.1 I dette arealet ligg det eit forhistorisk veganlegg (Askeladden id: 174544). Dette er automatisk freda. I omsynssone H730 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemma automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3.

Dato: 28.09.2015
Rev: 15.03.2016
Rev: 04.05.2016
Rev: 09.12.2016
Rev: 17.01.2017